13	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	Tenke kanskje at det må bli fleire obligatoriske kurs for opplæring i kva dette går ut på
14	Kontrollutvalet og henvendingar: - frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Høyrer sjeldan og aldri frå desse, så vidt eg veit Har fått få henvendingar frå innbyggjarar – eg har ikkje mottatt noko
15	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye kontrollutvalet innehalde og kor omfattande bør det vera?	Pliktar og ansvar. Opplæring bør koma ved oppstart + etter kvart Har hørt mykje skryt om møtet på Gardermoen ein gang i året – kanskje fleire kan/bør reise
16	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør kontrollutvalet få delta her? Bør roller og ansvar for kontrollutvalet presenterast her?	Kan ikkje hugsa korleis det vart presentert. Kan hende var leiaren der? Litt usikker her – kom inn som vara- og seinare fast. Var på oppstartsmøte i Tysvær – synes det var litt opplystante
17	Anna	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.11.19	15/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2020

Vedlegg: Oversiktskalender for 2020

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidlegare møtefrekvens (4 møte pr. år), har sekretariatet sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2020. Dag og tidspunkt for møta er videreført slik dei har vore: måndagar kl. 13.00. Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Saksorientering:

Av faste saker vil utvalet si årsmelding bli lagt fram på det fyrste møtet på nyåret. I neste møte vil kontrollutvalet gje si uttale til årsrekneskapen. På hausten vil budsjettframlegg og møteplan bli handsama. I tillegg vil andre saker og saker knytte til forvaltningsrevisjon bli lagt fram for utvalet.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet godkjenna rekneskapen før den er handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillinga/uttale skal følgje med. Dato for dette møtet vil difor avhenge av når det er planlagt handsaming av rekneskap og årsmelding i formannskapet. Dersom det blir endringar i møteplan, vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Det også mogeleg å ha ekstramøte om det vert naudsynt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2020:

Måndag: 17.02, 18.05, 21.09 og 23.11 – kl. 13.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Aksdal, 18.11.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Etne

Oversiktskalender 2020

Januar 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
1			1	2	3	4
2	6	7	8	9	10	11
3	13	14	15	16	17	18
4	20	21	22	23	24	25
5	27	28	29	30	31	
3 ● 10 ○ 17 ● 24 ●						

Februar 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
5					1	2
6	3	4	5	6	7	8
7	10	11	12	13	14	15
8	17	18	19	20	21	22
9	24	25	26	27	28	29
2 ● 9 ○ 15 ● 23 ●						

Mars 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
9					1	
10	2	3	4	5	6	7
11	9	10	11	12	13	14
12	16	17	18	19	20	21
13	23	24	25	26	27	28
14	30	31				
2 ● 9 ○ 16 ● 24 ●						

April 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
14			1	2	3	4
15	6	7	8	9	10	11
16	13	14	15	16	17	18
17	20	21	22	23	24	25
18	27	28	29	30		
1 ● 8 ○ 15 ● 23 ● 30 ●						

Mai 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
18					1	2
19	4	5	6	7	8	9
20	11	12	13	14	15	16
21	18	19	20	21	22	23
22	25	26	27	28	29	30
7 ○ 14 ● 22 ● 30 ○						

Juni 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
23	1	2	3	4	5	6
24	8	9	10	11	12	13
25	15	16	17	18	19	20
26	22	23	24	25	26	27
27	29	30				
5 ○ 13 ● 21 ● 28 ○						

Juli 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
27			1	2	3	4
28	6	7	8	9	10	11
29	13	14	15	16	17	18
30	20	21	22	23	24	25
31	27	28	29	30	31	
5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○						

August 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
31					1	2
32	3	4	5	6	7	8
33	10	11	12	13	14	15
34	17	18	19	20	21	22
35	24	25	26	27	28	29
36	31					
3 ○ 11 ● 19 ● 25 ●						

September 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
36			1	2	3	4
37	7	8	9	10	11	12
38	14	15	16	17	18	19
39	21	22	23	24	25	26
40	28	29	30			
2 ○ 10 ● 17 ● 24 ○						

Oktober 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
40			1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10
42	12	13	14	15	16	17
43	19	20	21	22	23	24
44	26	27	28	29	30	31
1 ○ 10 ● 16 ● 23 ● 31 ○						

November 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
44					1	
45	2	3	4	5	6	7
46	9	10	11	12	13	14
47	16	17	18	19	20	21
48	23	24	25	26	27	28
49	30					
8 ○ 15 ● 22 ● 30 ○						

Desember 2020						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø
49			1	2	3	4
50	7	8	9	10	11	12
51	14	15	16	17	18	19
52	21	22	23	24	25	26
53	28	29	30	31		
8 ○ 14 ● 22 ● 30 ○						

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 16 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 9. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 83 år
- 23. feb Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårvårnedøgn
- 29. mar Sommertid start
- 5. apr Palmesøndag
- 9. apr Skjærtorsdag
- 10. apr Langfredag

- 12. apr 1. påskedag
- 13. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 21. mai Kr. Himmelfartsdag
- 31. mai 1. pinsedag
- 1. jun 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 20. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 83 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 47 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 47 år
- 22. sep Høstjevndøgn
- 25. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 1. nov Allehelgensdag
- 8. nov Farsdag
- 29. nov 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 21. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.11.19	16/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.09.19

Saksvedlegg: Protokoll får møte 23.09.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.09.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 18.11.19

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **23. september 2019** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.00
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Nina Vierdal Vee (Sp), Anna Eriksen (Frp) og Ragni Sunniva Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	2. vara Gunnar Løhaugen (Sp)
FORFALL:	Ivan Kaldheim (H) og 1. vara Pål Steinar Rullestad (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniordagsjef Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Frode Løvlie og rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Konst. rådmann Hilde Aartun Haraldseide og økonomisjef Vegard Bang
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klokkerstuen (Ap)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.05.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Leiar gjekk igjennom protokollen. Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

14. Statusrapport pr. september 2019
15. Kst.vedtak 19.06.19, sak 37 – oppfølging av rapport om IKT og informasjonstryggleik
16. Kst.vedtak 19.06.19, sak 38 – revisjonsavtale – bruk av opsjon eller nytt anbod i år
17. Brev av 12.07.19 til Deloitte AS vedk. forlengelse av revisjonsavtalen
18. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning IKS
19. Protokoll fra årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
20. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev fra FKT 01.07.19
21. NKRF – Rettssikkerhet – en del av fellesskapets verdier»

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ordføraren orienterte kort om status for Haugaland brann og redning IKS. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Referatsakene 14 - 21 vert tatt til orientering.

SAK 09/19 TILBAKEMELDING FRÅ RÅDMANNEN PÅ SPØRSMÅL FRÅ UTVALET OM INTERNOPPLÆRING OG OPPFØLGING AV TILSETTE

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar tilbakemeldinga frå konstituert rådmann om internopplæring og oppfølging av tilsette til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Leiar innleia og gjorde kort greie for bakgrunn for saka. Konst. rådmann viste til det skriftlege svaret som var vedlagt. Ho meinte heile organisasjonen hadde stort fokus på å gi god service. Det var mellom anna tatt i bruk eit nytt verktøy, som heiter «10 faktor». Verktøyet er tatt i bruk for å utvikla haldningar og oppfatningar som påverkar ytingar og resultat.

Medlemmene, ordførar og konst. rådmann drøfta kvifor nokre innbyggjarar har ei negativ oppleving i møte med dei tilsette. Alle var samde om at det var viktig å ha fokus på det holdningsskapande arbeide.

Leiar takk for orienteringa. Utvalet slutta seg til hans framlegg om å be om ei oppdatert orientering om seks månader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Etne kontrollutval tar tilbakemeldinga frå konstituert rådmann om internopplæring og oppfølging av tilsette til orientering.

Etne kontrollutval ønskje ei ny og oppdatert orientering om internopplæring og oppfølging av tilsette i mai 2020.

SAK 10/19 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INNKJØP»

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Innkjøp» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Forvaltningsrevisor Løvlie gjorde greie for rapporten og viste presentasjon på skjerm. Han starta med å takke administrasjonen for eit godt samarbeid. Revisor gjorde greie for føremål, problemstillingar og nytta metode. Dei hadde gjennomført intervju, dokumentanalyse og stikkprøvekontroll. Han gjorde greie for revisjonen sine funn for kvar av dei fem problemstillingane. Dei hadde funne at kommunen følgde lov og regelverk for dei fleste av sine innkjøp, men ikkje alle. Revisjonen hadde utforma seks tilrådingar til kommunen.

På spørsmål frå leiar om kor alvorleg ein skulle tolka rapporten, svara revisor at kommunen hadde mykje plass og at mykje fungerte bra, men det var sjølv sagt ikkje lov å bryte lova. Han peika på at lovverket på dette området er særskilt komplisert, og kan vera vanskeleg å etterleva.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna kommunestyret sitt vedtak om at også innkjøp under 100 000 kr skulle ha fleire tilbydarar.

Medlemmene, ordførar og konst. rådmann kommenterte funna i rapporten. Utvalet meinte det var ein viktig rapport, med til dels alvorlege funn. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19 og innstilling til kommunestyret:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Innkjøp» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 11/19 REVISOR SI EIGENERKLÄRING FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Rekneskapsrevisor orienterte kort om erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2019 fra oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, til orientering.

SAK 12/19 BUDSJETT 2020 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2020 vert på i alt kr 675 000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	88 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	183 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	404 000
Totalt	kr	675 000

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Utvalsekretær orienterte om framleggget. Medlemmene peika på at det var nytt utval neste år og difor ekstra behov for midlar til opplæring. Utvalet vedtok å auke budsjettet for «kurs og opplæring» med kr 20 000.

Utvalet slutta seg til framleggget med ei auke til «kurs og opplæring».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2020 vert på i alt kr 695 000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	108 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	183 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	404 000
Totalt	kr	695 000

SAK 13/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval godkjenner innspela som har kome fram om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Utvalseiar får fullmakt til å godkjenne den endelege oppsummeringa, som så vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 23.09.19:

Sekretær opplyste at det berre var eit medlem som hadde sendt inn skjema så langt. Medlemmene vil sende inn utfylt skjema til sekretariatet så snart som mogleg. Sekretariatet vil samordne tilbakemeldingane. Medlemmene ønskte å få tilsendt det samordna skjemaet. Sekretariatet vil nytte evalueringa i samanheng med opplæringa av nytt utval.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.19:

Etne kontrollutval godkjenner innspela som har kome fram om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne den endelege oppsummeringa, som så vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

YMSE

Ingen saker ble meldt eller tatt opp.

Leiar takka medlemmene, revisor, administrasjonen og sekretær for et godt samarbeid i perioden.

Neste møte: mandag 25.11.19, kl. 13.00 (nytt utval)

Etne/Aksdal, 23. september 2019

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utvål	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.11.19	17/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

Kan bli handsama i lukka møte – OFL § 24/KL § 11-5 tredje ledd bokstav b

REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2019

Vedlegg: Revisjonsplan 2019 for Etne kommune - Deloitte AS (eige vedlegg)

Ifølge kommuneloven § 23-2 skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført mellom anna ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følgje kommuneloven § 24-2 andre ledd og god kommunal revisjonsskikk skal revisor planlegge sitt arbeid, og då med ha årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet. Deloitte AS har utarbeida ein slik plan for Etne kommune, som følgjer som vedlegg. Vedlegget er lagt ved som eige dokument.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, men ifølge revisor finn ho ikkje grunn til at dette skal skånast, dvs. at det ikkje treng vere «ikkje offentleg».

Revisor vil i tillegg gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinhaldet i arbeidet. Opplysningar som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhald av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 11-5 tredje ledd bokstav b, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.

Rekneskapet vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2019 er avlagt våren 2020. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før om hausten og på nyåret.

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 19 pålegg også oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, å gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Eigenerklæringa for 2019 blei lagt fram for kontrollutvalet i møtet 23.09.19, som sak 11/19.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og eventuelt informasjon om rekneskaps-revisjonen så langt i 2019, vil altså vere eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskapar blir revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å komme med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast, eventuelt seinare revisjonar, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2019 for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimsrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

Aksdal, 18.11.19




Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VEDLIGG SAK 17/19

Sjä eige
cdlegg

© 2017 Deloitte AS



Revisjonsplan regnskapsrevisjon 2019

Else Holst-Larsen

Deloitte

Innhold

Presentasjon av revisjonsplan		
Partner introduksjon	4	
Ansvarsområde for kontrollutvalget	5	
En oversikt over vår revisjon	6	
Vesentlighet	7	
Vesentlige risikoområder	8	
Tids- og kommunikasjonsplan	9	
Revisjonskvalitet	10	
Faglige oppdateringer		
Endring i lover og regler	12	
Appendiks		
Ansvaret vedrørende misligheter og uttalelser fra ledelsen	14	
Uavhengighet	16	
Revisjonsteam	17	
Revisjonsplan	18	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.11.19	18/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERINGER OG PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARKAPSKONTROLL 2020 - 2024 FOR ETNE KOMMUNE

Vedlegg:

1. Prosjektplan utarbeida av Deloitte AS , november 2019
2. Framdriftsplan- eige vedlegg - ikkje offentleg - OFL §23.3 – vert lagt fram i møtet

Saksorientering

Kontrollutvalet skal i tråd med ny kommunelov § 23.2 annet ledd «minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner» og etter kommunelov § 23-4 «utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.»

Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er det kommunestyret sjølv etter innstilling frå kontrollutvalet som skal vedta. Planen «baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens virksomhet og virksomheten i kommunens selskaper» (tidligare kalla «Overordna analyse»). «Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon/ eierskapskontroll.»

Kontrollutvalet må også ha ein prosess der ein ber om innspel frå både politisk og administrativt hald, før endeleg plan vert gjort klar til handsaming i kommunestyret hausten 2020.

Analysen kan bli gjort av enten sekretariatet eller av revisor. Sekretariatet meiner at det er revisor som kjenner kommunane best, og som difor bør gjennomføre denne analysen.

Deloitte har vore revisor for Etne kommune i fire år og kjenner organisasjonen godt. Det gjer at selskapet vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføre dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør drøfte enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan til dømes vere kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko- og vesentlegvurderinga, kontrollutvalet sjølv si involvering i arbeidet, kor djupt analysen skal gå (omfanget), kor mange timer skal ein kunne bruke på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør gå fram i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal også utarbeidast plan for eigarskapskontroll i løpet av 2020, og det vil vere føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dele dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føre til meir ressursbruk.

Sekretariatet bad Deloitte utarbeide framlegg til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Etne kommune si verksemd og kommunen sine selskap i brev av 16.10.19. Prosjektplanen måtte omfatte utarbeiding av framlegg til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

Det blei sett krav om at prosjektplanen skulle omfatte:

- a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Etne kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
- b. Framlegg til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.

Revisjonselskapet Deloitte skrev i oversending 11.11.19 følgjande:

Vedlagt finn de prosjektplan for risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vedlagt finn de øg eit vedlegg der detaljert timeestimat for prosjektet går fram. Vi gjer merksam på at dette vedlegget inneholder opplysningar som av omsyn til konkurranse ikkje skal offentleggjera.

Prosjektplanen følger saka som vedlegg og timebudsjettet er ikkje offentleg då dette er informasjon som Deloitte ønskjer å hemmelighalde. Det vil bli informert om timeestimatet i møtet. Deloitte har berekna at det vil ta totalt 140 timer å gjennomføre prosjektet.

Konklusjon

Sekretariatet vil foreslå at kontrollutvalet planlegg å handsama ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll på følgjande måte:

- februar: Prosessmøte 1 – diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskap der kommunen har eigarinteresser, og å gjere ei fyrste vurdering av aktuelle prosjekt gjennom bruk av eit «risikospel»
- mai: Prosessmøte 2 - kontrollutvalet gjer endeleg prioritering av dei enkelte prosjekta på grunnlag av innspel. Som grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta vere ferdiggjort. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert det som ble samla inn frå prosessmøte 1.

- september: Utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vert lagt fram for utvalet for endelig godkjenning og vidaresending til kommunestyret, eller til ny handsaming i neste møte.
- november: Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 – 2024 er vedtatt eller på ny til handsaming av kontrollutvalet og vidaresendt kommunestyre for slutthandsaming.

I kontrollutvalet si innstilling til budsjett for 2020 er det lagt inn ca. 250 timer til kjøp av revisjonstenester, og truleg vil kommunestyret følgje utvalet si innstilling. Budsjettet vil då vere på kr 404 000 og skal dekke både den faste rekneskapsrevisjonen og kjøp av andre tenester.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegvurderinger og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Etne kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan/ med desse endringane.

Ramma vert sett til 140 timer.

Aksdal, 18.11.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VIDLEGE SAK 18/19

Deloitte.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 11.11.19
Journalført: 19/404/096
Arkivkode: 216



Etne kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for
forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosjektplan/engagement letter

November 2019

Innhald

1. Føremål og problemstillingar	4
2. Risiko- og vesentlegvurdering	6
3. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll	8
4. Tid og ressursbruk	9

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling fra sekretariatet for kontrollutvalet i Etne kommune i brev dagsett 17. oktober 2019 utarbeidd ein prosjektplan for risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Etne kommune.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærmere skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Vår tilnærming til risiko- og vesentlegvurdering – involvering og forankring

I prosessen med ROV-vurderingar og utforming av planar, nyttar vi ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Med ei tilnærming der utvalet spelar ei aktiv rolle vil vi sikre at vi avdekker kva forvaltningsområde, kva selskap og kva eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg vil høg grad av involvering bidra til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføringa av prosjekta som blir prioritert i planane.

Vi ønskjer at arbeidet med ROV-vurderingane skal gjennomførast med vekt på:

- Involvering og forankring i administrasjonen
- Involvering og forankring i kommunestyret
- Involvering og forankring i kontrollutvalet

Ei brei forankring og involvering vil sikre følgjande:

- Kontrollutvalet får informasjon om dei sentrale risikoområda i kommunen
- Prosjekta kontrollutvalet vel er dei med høgast risiko
- Legitimitet for val av prosjekt i kommunestyret og i administrasjonen
- Læring og forbetring i administrasjonen

I tillegg til grunnlag for val av prosjekt vil ROV-vurderingane også gje innspel til tema som kontrollutvalet kan følgje opp gjennom andre metodar som til dømes orienteringar frå administrasjonen.

2. Risiko- og vesentlegvurdering

2.1 Innleiing

Formålet med ROV-vurderingane er å skaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje planar for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontollar, og å prioritere mellom ulike område og selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre prosjekt.

ROV-vurderingane vil avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltinga og selskapa der kommunen har eigarskap, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til *sannsynet for og konsekvensane av* at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett. Risiko vil bli vurdert innanfor alle kommunen sine tenesteområde og eigarskap.

På bakgrunn av ROV-vurderinga vil det bli utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjons- og eigarskapskontroll-prosjekt, og kontrollutvalet må sjølv vurdere dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjere kva dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.¹

2.2 Analysedokument

Det vil bli utarbeidd eitt analysedokument i samband med ROV-vurderingane som vil omfatte vurderingar av risiko og vesentlegheit knytt til både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysedokumentet vil gje eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere prosjekt, og legg slik grunnlag for både plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

2.2.1 Del 1: Forvaltningsrevisjon

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og utarbeidninga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er nytta.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt til kvart tenesteområde og kvart selskap, slik at det går fram kva område og kva selskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for forvaltningsrevisjon

I denne siste seksjonen i del 1 vil vi samanfatte dei område det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

2.2.2 Del 2: Eigarskapskontroll

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for eigarskapskontroll og utarbeidninga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er brukte.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data slik at det er mogleg å peike ut kva eigarskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for eigarskapskontroll

I den siste seksjonen i del 2 vil vi samanfatte dei eigarskapa det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege eigarskapskontollar. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

¹ For ein nærmare presentasjon av ROV-vurdering, sjå kapittel 6 i *Kontrollutvalshandboka* utgjeve av kommunaldepartementet (<https://www.regeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>).

2.3 Metodisk tilnærming og involvering av sentrale aktørar

2.3.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tar utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi vil òg undersøke kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse vil samle gje eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt gje eit viktig bidrag til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

2.3.2 Statistikk

Offentleg statistikk er i første rekke henta frå KOSTRA,² og viser tal frå alle tenesteområda som blir gjennomgått i analysen. I analysen vil vi gjere ei samanlikning av kommunen sine tal opp mot tal frå kommunegruppe, noko som gjev eit godt grunnlag for å finne indikasjonar på avvik eller forbetningsområde.

2.3.3 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabasen

Deloitte nyttar Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen vil nyttast både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.

2.3.4 Intervju

Vi vil gjere intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi ønskjer å intervju rådmann, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (4 personar). I tillegg vil vi intervju ordførar, varaordførar og utvalslieiarar (4 personar). Intervjuet vil bli gjennomført per telefon for å sikre ei effektiv gjennomføring.

2.3.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret blir involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøkinga i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I denne blir desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytte til selskap kommunen eig.

2.3.6 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet


I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

2.3.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.

Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.



² Kommune-STat-RAporter (https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/).

3. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Når ROV-vurderingane er gjennomførte og kontrollutvalet har prioritert prosjekta i prosessmøte 2, vil vi utarbeide utkast til plan for forvaltningsrevisjon og utkast til plan for eigarskapskontroll.

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon vil omfatte:

- Skildring av forvaltningsrevisjon
- Skildring av ROV-vurderinga
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel, tema og problemstillingar
- Liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utkast til plan for eigarskapskontroll vil omfatte:

- Skildring av eigarskapskontroll
- Skildring av ROV-vurderinga, inkludert ei liste over eigarskapa til kommunen
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel, tema og problemstillingar
- Ev. liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjekttittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utforming av utkast til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vil skje i nær dialog med kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Frode Løvlie og prosjektmedarbeidarar Annbjørg Ryssdal og Samson Johnsen. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk og gjennomføringsplan


Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 140 timer å gjennomføre prosjektet.

Prosjektet vil gjennomførast våren 2020, slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2020.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Etne kommune og Deloitte.

Bergen, 8. november 2019


Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.11.19	19/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2020 OG ØKONOMIPLAN 2020 - 2023

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova § 14 og KDR si forskrift.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023:

Budsjettframlegg for 2020 og økonomiplan 2020 - 2023 er lagt ut på kommunen sin nettside www.etne.kommune.no eller kan hentast på tinghuset.

Budsjettframlegget inneholder rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettkjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama i kommunestyremøte i desember.

Framlegg til budsjett og økonomiplan vil bli gjort greie for i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

